





## Arbeidsledige i Nordhordland i juli 2016 – kjelde NAV

Det er framleis Fedje og Austrheim som har høgast arbeidsledighet. I Meland er det ein relativt stor auke sidan mai. Gulen og Masfjorden har framleis låg arbeidsledighet. Nordhordland ligg om lag på same nivå som for fylket og det er litt høgare enn for landet totalt.



Heilt ledige er om lag 800 stk i Nordhordland. Det auka no i juli, den største auken var i Meland. Det er no om lag same tal heilt ledige som ved årsskifte.



#### Arbeidsstyrke og sysselsatte

For å kunne få eit betre innsyn i kva som ligg bak desse tala har vi tatt med utviklinga av arbeidsstyrken og sysselsatte frå juli 2015 til juli 2016.

Med unntak av Masfjorden, Osterøy og Austrheim er der ein auke i sysselsatte. Der kor arbeidsstyrken aukar meir enn sysselsatte aukar også ledigheten.

Ekstra bekymringsfullt er det når arbeidsstyrken har ein låg eller negativ vekst og veksten i sysselsatte

er endå lågare.